



# NYTT UNDER STOREN 2-19

## Internavis for Luster kommune

### Gode medarbeidar.

«På veg inn i sommarferien er status i kommunen i det store og heile god.» Ja slik innleia eg sommarhelsinga for eit år sidan og det kan passe å gjenta, det er god kontroll, mange positive tilbakemeldingar og mykje i det kommunale vil vere relativt likt frå år til år. Me dekkar godt opp dei tenester og tilbod me skal syte for og mange prosjekt og utviklingsarbeid er i godt gjenge - Rådmannen takkar for god innsats.

Kommunesektoren bur seg no på valgkamp. For Luster vert det eit tradisjonelt kommuneval medan det i mange kommunar og fylke er nye tider grunna kommune- og regionreform. Upåverka vert me likevel ikkje: Fylkesmannen er alt organisert som Vestland og når og fylkeskommunen vert Vestland så betyr det ein del endringar i utviklingsarbeid, forvaltning og tilsyn.

Med etablering av Nye Sogndal vil og ein del samarbeidsrelasjonar i det interkommunale samarbeidet bli endra. Sogndal vert om ein liker det eller ei ein mykje tydelegare «storebror». Dei ulike samarbeida må få nye avtalar. Sjølv om her gjerne er nokre utfordringar så er det rådmannen sin intensjon at me skal vidareføre dagens interkommunale samarbeid og vere opne for å drøfte ev nye.

På dette tidspunktet i fjordåret var me starta på ein turkesommar utan like. Denne sommaren har starta noko ruskete. Rådmannen sitt ynskje om ein godversperiode no er først og fremst for å få ei fin ferietid sjølv om, mindre nedbør, og kan påverka straumprisen og kommuneøkonomien positivt...

### God sommar.



*Jan Stautve*  
Rådmann

### Kommuneplanarbeidet

Noverande kommunestyre kom så vidt i mål med sitt kommuneplanarbeid, med vedtak no i juni, på kommunen sin kommuneplan areal. Kommuneplanarbeidet handlar om heilskapen i kommunen og 10-12 årsperspektivet framover. Eit viktig, nødvendig og pliktig arbeid.

Det er eit rullerande arbeid som meir eller mindre strekker seg over heile kommunestyreperioden. Første del er gjerne ei statusvurdering og ein planstrategi, plan for planen – kva er dei viktige områda som treng nærmere fokus og oppfølging. Så kjem arbeidet med kommuneplanen sin samfunnssdel, eit omfattande arbeid på ulike område, viktige for samfunnsutviklinga i kommunen. Her vil og skal kommunale tenester og tilbod vere sentrale delar av arbeidet. Det skal vere kopling til kommunen sin økonomiplan, det skal vere samsvar mellom samfunnssdelen og økonomiplanen. Me har arbeidd med å få til denne integrasjon og er kome godt på veg, samtidig som dette er eit forbetningsområde. Dette vil bli sentralt i både økonomiplanarbeidet framover og neste runde med samfunnssdelen i kommuneplanen. Siste del i ein kommuneplanprosess er arealdelen der arealbruk vert definert og fastlagt for dei nærmaste åra.

Me er no ferdige med ein slik prosess for denne kommunestyre-perioden og det er føresett at slik rullering skal skje i kvar 4-årsperiode. Denne runden har vore omfattande med breid og god deltaking. I desembermøtet -17 i kommunestyret vart kommuneplanen sin samfunnssdel revidert og vedteken.

Visjonen «trivsel og utvikling i Luster» vart forankra. Handlingsplan med ei rekke tiltak med mål om at Luster skal vere ein god kommune å bu i – med gode tilbod og tenester, ein god stad for bedrifter og ein attraktiv kommune å besøke vart vedteken. Kopla til desse satsingsområda er det utforma ein handlingsplan og det er her det er viktig å få til kopling med økonomiplanen slik at ein kan sikra oppfølging.

I 2018 og no ut i 2019 har det så vore arbeidd vidare med arealplanen. Som for samfunnssdelen så byggjer planen på tidlegare vedteken plan. Planen skal byggja på reell interesse, realisme og behov.

Det er føresett at planarbeidet skal vere godt politisk forankra og formannskapet har rollen som kommuneplannemnd. Dei vurderar og tilpassar og har ansvaret for høyningsutkast og det endelege framlegget som vert lagt fram for kommunestyret. Eit viktig arbeid er å drøfte innspela til planen; frå innbyggjarar, grunneigarar, lag og organisasjonar, næringsliv, andre offentlege og regionale mynde. Kommunestyrevedtaket no i juni fastset framtidig arealbruk og er bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak. Heilt vesentleg er og at tiltak som er på plass i kommuneplanen har ein raskare og enklare prosess i samband med vidare planlegging og gjennomføring.

Nytt kommunestyre vil evaluere og vurdere før ein går inn i prosessane for revisjon av kommuneplanen sin samfunnssdel og arealplan i neste kommunestyreperiode.

# PERSONALNYTT

Byrja og slutta i Luster kommune,  
perioden 01.03.2019 - 31.05.2019

## Velkomen!

### Plan

Alexander Tveit Beheim – byggjesakshandsamar  
Øyvind Mo Hiller – ingeniør oppmåling/plan

## Takk for innsatsen!

### Hafslo omsorgssenter/HTV

Mary Karin Sagerøy- hjelpepleiar/HTV

### Luster omsorgssenter

Øydis Alme – hjelpepleiar

### Gaupne omsorgssenter

Veila Barsnes- BPA

### Landbruk og naturforvaltning:

Inger Moe – rådgjevar

### Økonomi:

Kjell Sverre Snøtun - økonomisjef



Bjørg Molland  
sluttar etter  
nærare 45 år  
i kommunen.

Ho starta på  
ungdomsskul  
en hausten  
1974 og  
jobba der  
heilt til 2017.

I tillegg har  
ho hatt  
arbeidd m.a  
på Gaupne  
skule, på  
kommunekas  
sa og på  
skulekontor  
et, før ho i  
2001  
starta på  
arkivet på  
rådhuset.

Takk for  
flott  
innsats,  
**Bjørg!**

Bjørg Molland pensjonerer seg og sluttar på arkivet på rådhuset.



# Informasjon

## Vernetenesta – vernerundar - opplæring

I mars var det kurs i i kommunestylesalen for leiarar og verneombod om praktisk gjennomføring av vernerunde. Dette var startskotet for gjennomføring av vernerundane i 2019. Ta kontakt med din leiar, eventuelt hovudverneombod Svein Tore Heltne om du har spørsmål om gjennomføring av vernerunde på din arbeidsplass.

Nye verneombod og fleire leiarar har fått tilbod om og gjennomført grunnopplæring i helse, miljø og tryggleik – 40 timars kurs våren 2019.

**Er du verneombod eller leiar og manglar/treng  
opplæring? Ta kontakt med Olaug Marie på  
personal avdelinga.**

## Medarbeidarundersøkinga 2019

Undersøkinga vart gjennomført i tida 14-31.03.19.  
77% av dei tilsette deltok i undersøkinga – eit resultat  
rådmann er godt nøgd med.

Oppfølginga etter på er den viktigaste delen av ei  
medarbeidarundersøking:

- leiarane skal gå gjennom og diskutere resultata med sine tilsette
- leiing og tilsette skal i lag kome fram til, gjennomføre og vedlikehalde 1-3 forbetringstiltak
- rådmann vil følgje opp resultata og oppfølginga på den enkelte arbeidsplass med leiarane i medarbeidar og leiaramtalar.

## Friskus - digital aktivitetskalender

**friskus.com**

Bli med du også!

Friskus vil gi deg som innbygger god oversikt over aktivitetar, arrangement og oppdrag i nærleiken av deg. Du kan filtrere på stad, dato og interesse.

Du som innbygger kan «shoppe» frivillige oppdrag når det passar deg. Det kan vere alt frå å steike lappar på ein fotballkamp til å ta med deg hunden på omsorgssenteret! Du kan t.d. hake av på «Skjolden», «Jostedal» eller «Indre Hafslo» for å sjå aktivitetar i dei ulike bygdene.

Friskus vil forenkla arbeidsoppgåver for dei som vil rekruttere frivillige til ulike oppdrag.

Det vert starta opplæring i kommunen for tilsette i kommunale einingar, samt frivillige lag og organisasjonar frå den 20.juni og framover.


**Har du spørsmål eller innspel kan du ta kontakt med nokon i arbeidsgruppa:**

- Trine-Anita Systad- Tlf. 99 59 19 77  
trine.anita.systad@luster.kommune.no
- Elisabeth Bondevik Orrestad- Tlf. 97 52 86 99  
elisabeth.bondevik.orrestad@luster.kommune.no
- Linda Goldmann- Tlf. 47 01 36 90  
mailto:goldmann@yahoo.no

# KOMPETANSE/REKRUTTERING

## KVALITETSARBEID

### ORGANISASJONSUTVIKLING



## Digitalisering på rådhuset (OU-rådhuset)

### Digitalisering første fase

Første fase av OU-rådhuset og digitalisering er i mål. Me har innført KommuneKari som hentar det du treng om tensta du spør etter slik at du ikkje treng leite på heimesida. Innføringa har ført til ei avlasting for administrasjonen. Det er over 70 kommunar som har innført denne chatboten, men Luster er første kommune i Sogn. Parallelt med innføringa av KommuneKari har administrasjonen også jobba med å digitalisere og standardisere diverse søknadsskjema til kommunen. Så langt har ein jobba fram digitale søknadsskjema innafor kultur, klage på eigedomsskatt og me er godt i gang på fleire andre fagområde. Å ta i bruk digitale skjema vil føre til enklare søknadsprosessar for innbyggjarane og enklare sakshandsaming hjå kommunen.

### Digitalisering andre fase

Neste steget er å digitalisere publikumsmottaket på rådhuset. Planen er å innføre ein KommuneVert. Dette er ei besøksregisteringsløysing som effektiviserer og gjer det enklare for deg som alt har avtalt møte med tilsette på rådhuset. Løysinga fungerer slik at du kan gå inn på heimesida og gjere avtale med sakshandsamar innafor feltet du ønskjer støtte til eller vil drøfte, søkje mv.



Når du kjem til rådhuset møter du KommuneVerten (biletet). KommuneVerten er ei sjølvhjelpløysing tilpassa sørvistorget og fungerer slik at om du har avtalt møte med ein sakshandsamar, så registrerer du deg med namn og telefonnummer på KommuneVerten. Avtalepartnaren hjå kommunen får då ei melding om at du er kome – og hentar deg med ein gong. Dersom du ikkje har avtale (drop in-besök) registrerer du deg på KommuneVerten ved å trykkje «eg treng hjelp». Då møter du ei av våre sørvisglade medarbeidarar som sjølvsagt kan hjelpe deg vidare.

### Sørvis i sørvistorget og på rådhuset

Føremålet med innføring av KommuneKari og KommuneVerten er å bruke enkle grep for å møte publikumsbehov i kontaktflatene med

kommunen. Det vert auka fokus på sjølvhjelp. Endringane heng og saman med nytt regelverk, GDPR, og ynskje om noko færre drop inn-besök. Då vil tilsette og sakshandsamarar på Rådhuset kunne planlegge arbeidsdagen betre. Eit klarare skille mellom «publikumsareal og sakshandsamarareal» med å ta i bruk nøkkelkort regulerar tilgjenge til rådhuset, utan at sørvisen skal bli noko dårligare.

I tillegg til at vi no innfører KommuneVerten, så blir det ei lita ombygging ved inngangspartiet – her blir møteromstenesta på rådhuset synleg på ein storskjerm og det vert lagt til rette anna informasjon og sørvis for besökande. Det vert og plassert informasjonsskjermar utanfor alle møterom. Innføringane av KommuneKari og KommuneVerten gjev retning for korleis ein ønsker å kommuneisere og informere kommunens tilsette, innbyggjarane og andre besökjande.

## Årshjulstiltak 2019



### Gjennomførte tiltak:

- Kostra rapportering
- Rekneskap og årsmelding (eining)
- Leiardialogen
- Medarbeidarsamtalar
- Medarbeidarundersøking
- Brukarundersøking skule
- Brukarundersøking omsorg
- Rekneskap og årsmelding (rådmann)
- Vernerunde

### Komande tiltak:

- Halvårsrapport
- Introduksjonsseminar
- Budsjett og økonomiplan
- Årsrapportering

## Lærlingar

Malin Tanita Stave Kolseth, Lene Bolstad og Grete Bergum har vore lærlingar i helsearbeidarfaget i Luster kommune.

Dei har klart fagprøven våren 2019 og er no utdanna helsefagarbeidarar.

### I august 2019 startar desse nye lærlingane:

- Nina Hoftun Halvorsen, helsearbeidarfaget
- Marte Moen Heggestad, helsearbeidarfaget
- Amalie Forthun Grøthe, kontor og administrasjonsfaget
- Synnøve Kuld Heimlid, barne og ungdomsarbeidarfaget
- Ådne Sigurd Frantzen Leirdal, ikt-sørvisfaget
- Tobias Holmen Frækaland, dataelektronikk faget



ATS er eit tilbod om tilrettelagt arbeid for mange lusteringar.  
Der kan du få kjøpe:

- Møtemat, kantinetenester, brødvarer og kaker, mm.
- Vask av gardiner, dukar, dunprodukt, arbeidstøy, moppar, teppe, privatøy osv.
- Leiga dukar til fest
- Levera papir til makulering
- Levera reint bomullstøy, til produksjon av tørkefiller eller produksjon av golvteppe
- Dokkestover, jaktbuer, boder, postkassestativ i ulike størrelsar osv...

- Digitalisering av bilet og dokument, hjel til produksjon av bilet, små filmar etc.
- Plenslått og hagestell, stell av graver, transporthjelp.
- Ved
- ATS tek imot grupper på inntil 10-12 personar som får informasjon, omvisning og gjerne ein matbit hjå oss.



For første gong skal me stemme til Fylkestinget i Vestland. Der er 17 godkjende lister til dette valet.

Til kommunestyrevalet i Luster er det 6 godkjende lister:

Framstegspartiet, Arbeiderpartiet, Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti, Høgre og Venstre.

Dei godkjende listene finn du på heimesida til kommunen og i Lustranytt.

Ordinær førehandsstemming er på rådhuset 12. august – 6. september.

På Pyramiden ved biblioteket er det førehandsrøysting den 31. august. Både pasientar, tilsette og andre kan førehandsstemme på omsorgssentra når me er der:

- Gaupne: 3. September.
- Luster: 4. September.
- Hafslo: 5. September.

På valldagen den 9. september har me 10 vallokale i kommunen. Hugs at på valldagen må du stemme i den kommunen der du er manntalsførd.

For opningstider og anna valinformasjon, sjå i Lustranytt, på kommunen si heimeside og på Facebook.

**Hugs legitimasjon, godt val!**

## Kommunestyre- og fylkestingsvalet 9. september

## Arbeidsmiljøutvalet (AMU):

Arbeidsmiljøutvalet hadde møte 06.03.19.

Der vart mellom anna plan for HMT (helse, miljø og tryggleik) og samarbeid med Stamina i 2019, tiltaksplan for rekruttering og kompetanseutvikling drøfta.

Arbeidsmiljøutvalet minner leiarane om at dagleg fokus på HMT er viktig.

Andre saker var bedriftstrening, arbeidsklede til tilsette og garderobetilhøva for uteseksjonen/teknisk.

Du finn referat frå møtet på heimesida til Luster kommune og i LKK.

## Ny IA avtale:

Informasjon frå IA-samlinga 30.04.19

Den nasjonale IA-avtalen omfattar no alle verksemder.

## Målsetjingar i avtalen:

Redusere sjukefråværet i avtaleperioden med 10% samanlikna med 2018 og redusere fråfall frå arbeidslivet.

Det blir ikkje lenger inngått lokale IA-avtalar mellom den enkelte arbeidsgivar og Arbeidslivssentera. Tidlegare IA-verksemder får inntil vidare behalde ein fast kontaktperson. Partane i arbeidslivet er i ferd med å fylle den nye IA-avtalen med innhald. Sjukeheimar og barnehagar er to av sju særskilt utpeika satsingsområde for å redusere sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet.

